



Kua som har to kalvar og eit spesielt horn

**Kua til Johannes Hauge på Skorpo har to kalvar.
Den eine kalven har ho på lån frå nabobruket.**

Det har seg slik at den gamle kua kalva ute, fekk mjølkefeber og kom i orvelte og vart liggjande på ryggen i mange timar.

Eigaren, Johannes , kom til, fekk ho på føtene og med dyrlegehjelp kom ho seg til.

No har ho så mykje mjølk at ho ammar to kalvar.

Kua er sjeldan med horn som veks i kvar sin retning. Det eine hornet veks normalt, det andre veks inn mot auga og må filast ned for å ikkje gjera skade.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal